



Mottakarar i medhald av eiga adresseliste

Sakshandsamar: Karl-Erik Skjong
Telefon direkte: +47 97755386
Dato: 16.04.2019
Referanse: 18/15843-8

Høyring - konsesjon for landingsplassar i samband med arrangementet Ekstremsportveko

Stiftinga Ekstre Voss (org. 984 522 843) søkte ved e-post datert 30. januar 2019 om fornying av konsesjon for å drive og inneha landingsplassar for helikopter i samband med gjennomføring av arrangementet Ekstremsportveko.

1. Bakgrunn

Stiftinga Ekstre Voss fekk ved Luftfartstilsynets vedtak 17. august 2009 konsesjon til å drive og inneha Gudvangen helikopterplass, Nebbet og Gudvangen helikopterplass, Skjerping. Konsesjonen blei gitt med 10 års varigheit, frem til og med 17. august 2019. I vedtak 13. juni 2014 har stiftinga dessutan fått dispensasjon for helikopterplassen Sparkling i Voss i staden for Nebbet, grunna fare for steinras ved Nebbet.

Nærare opplysingar om kva som har vore praksis i tidlegare år, følgjer av verneområdestyret si vurdering i vedlegg 8 av søknaden.

Det søkast no om fornying av konsesjon på same vilkår som tidlegare, men slik at det er mogleg å nytte landingsplassen Sparkling som eit alternativ til Nebbet.

Kopi av søknaden er saman med dei andre høringsdokumenta tilgjengeleg på www.luftfartstilsynet.no, under kategorien «Lover og regler» og overskrifta «Høringer».

2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil anlegge, drive eller inneha ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartsloven) § 7-5 første ledd. Etter luftfartsloven § 7-6 skal konsesjon berre innvilgast der det kan sameinast med allmenne hensyn, og utsegn frå kommunale og andre myndigheiter skal innhentast før konsesjon eventuelt blir gjeven.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, der det står:

«Formålet med forskriften er:

b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra

Luftfartstilsynet / Civil Aviation Authority

T: +47 75 58 50 00

F: +47 75 58 50 05

E: postmottak@caa.no

Postadresse:

Postboks 243

8001 BODØ

Besøksadresse:

Sjøgata 45-47

8006 BODØ

Fakturaadresse:

fakturamottak@caa.no

Fakturamottak DFØ

Postboks 4104

2307 HAMAR

hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følger vidare av luftfartsloven § 7-7 at konsesjon blir gjeven for ei bestemt tid, og på slike vilkår som finnast påkrevde. Konsesjon for landingsplasser til privat bruk gis i medhold av konsesjonsforskriften § 15 som hovedregel for en periode på 10 år. At landingsplassen er til privat bruk tyder at han berre kan nyttast etter innhenting av tillating frå konsesjonshavar.

3. Høyringa

Ved sida av dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber vi om at det i utsegnene blir teke stilling til dei forhold som fremhevast i pkt. 3.1 flg.

Normalt skal det etter konsesjonsforskrifta utarbeidast ein støyrapport. Grunna at trafikken er begrensa til eit så snevert tidsrom, er Luftfartstilsynet si vurdering at det ikkje er nødvendig med ein slik rapport i denne saka, jf. konsesjonsforskrifta § 19 om dispensasjon. Dette er og noko vi ber høyringsinstansane vurdere.

3.1. Forholdet til kommunal arealplan

Det følger av luftfartsloven § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan gjevast i strid med vedtatte arealplanar etter plan- og bygningsloven. Konsesjon kan likevel gjevast i strid med arealplan om plan- og bygningsmyndigheita samtykkjer til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Etter Luftfartstilsynets vurdering vil ei fornying av konsesjonen til dei omsøkte landingsplassane ikkje være i strid med vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven.

3.2. Forholdet til naturmangfoldloven

Luftfartstilsynet har innledningsvis i sakshandsaminga sett hen til lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) §§ 8 til 12, jf. § 7.

Sidan søknaden gjeld fortsetting av ei etablert verksemd, kan Luftfartstilsynet ikkje sjå at ei fornying av konsesjonen kjem i konflikt med prinsippa i naturmangfoldloven, eller at det er grunnlag for nærmere undersøkelser etter loven.

Landingsplassane ligg i eller i tilknytning til eit landskapsvernområde etter naturmangfoldloven, og lagd ved søknaden er vurderinga til Nærøyfjorden verneområdestyre for bruk av området i perioda 2014 til 2019 på nærare vilkår.

3.3. Konsesjonsvilkår

Utkastet til konsesjonsvilkår byggjer på vilkåra som har vore gjeldande for landingsplassane i den inneverande perioden, men er oppdaterte i tråd med Luftfartstilsynets alminnelege praksis og mal for vilkår. Dette inneber ikkje realitetsendringar når det gjeld bruk av plassen.

I tråd med det som har vore gjeldande i inneverande periode, kan landingsplassane brukast opp til to dagar med opp til 120 flyrørsler på landingsplassane på Skjerping og på landingsplassen Sparkling eller landingsplassen på Nebbet.

Vår dato
16.04.2019

Vår referanse
18/15843-8

Luftfartstilsynet gjer merksam på at konsesjonen er meint å være parallell med vilkår som stillast etter verneforskrift eller unntak i medhald av naturmangfoldloven. Vi har difor teke inn vilkår for konsesjonen der dette er formulert, og i utkastet tek vi elles ikkje inn vilkår frå Nærøyfjorden verneområdestyre si vurdering som vilkår for konsesjonen. Grunna at det i dispensasjonsvedtaket for landingsplassen på Sparkling har gjeldt litt innskrenka opningstider samanligna med dei andre plassane etter ønskje frå verneområdestyret, har vi opna for at det kan gjevast nærare reglar om åpningstider og talet på flyrørsler i unntak etter verneforskrifta.

Bruk av landingsplassane føreset dessutan at Stiftinga Ekstreme Voss til ei kvar tid har grunneigarane si tillating, og held seg innanfor vilkår som dei set for tillatinga.

4. Høyringsfrist

Vi ber om at eventuelle utsegner til søknaden og konsesjonsvilkåra blir sendt til Luftfartstilsynet **innan onsdag 29. mai**. Utsegner kan sendast til Luftfartstilsynet ved e-post eller ordinær postgang etter kontakinformasjonen nederst på høyringsbrevets første side.

Med vennleg helsing

Nina B. Vindvik
juridisk direktør
Direktoratsavdelingen

Karl-Erik Skjong
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.